

Frå Håkon V Magnusson sitt testamente

Men til den sæle Olav si kyrkje på Avaldsnes som er kongeleg kapell, testamenterer me alle klede, bøker og relikvier, som finst i denne kyrkja, og alle klædesvaror av raudfarga silke, som ligg samanrulla, til å laga (fleire) klæde av, dei som finnst i kista vår, og av det silketyet som det er vove gulltråd i, so mykje som trengst til å pryda dei nemnde klæde, og ein kvit messehakel av silke og dertil to dalmatkar (messeskjorter), tri korkåper og eit antependium (forheng framfor altarbordet) og ei sylvmorkåpe for Kristi likam og so ei stor klokke som vart støypt i England av Sigvalus. Og med dette stadfestar me for nemnde kyrkja alle dei fyremuner og fridomar som er gjevne av oss og dronning Eufemina, vår avlidne ektemake, til viljug åminning. 1)Og til byggjing og muring av denne kyrkja testamenterer me alle inntektene våre på Karmøy like til denne bygginga vert heilt ferdig. Når so denne bygningen er ferdigbygd, lyt dei førenemnde inntektene av Karmøy gå attende til kruna.

Etter Lars Skadberg: Olavskyrkja og Kongsgarden på Avaldsnes. 1950

1. Ut frå testamentet ser ein at det framleis er byggjearbeider som skal utførast på Olavskyrkja. Det har vore gissa på at dette kan vera ferdigstilling av det åttekanta kapittelhuset, eventuelt at tårnet ikkje var heilt fullført.